



På terskelen til morgonhuset

KULTURSCENA I HÅ VÅRPROGRAM 2019

Laurdag 19. januar kl. 11.00-13.00.
Biblioteket på Nærbø

KLESBYTEDAG

Skal du rydde i klesskåpet eller har fine plagg du ikkje bruker sjølv? På den store klesbytedagen kan du få byte dei inn.

Kleda du leverer inn må vere heile, reine, fint brukt og ikkje utvaska. Undertøy, sokkar, badetøy og nattøy kan ikkje leverast inn. Innlevering ved biblioteket på Nærbø i veke 3, frå og med måndag 14. januar, til og med fredag 18. januar. Du vekslar inn plagga i bongar. Bongane kan du sjølv bruke på den store klesbytedagen. Laurdagen vert rein bytedag.


Velkommen!



Tysdag 22. januar kl. 12.30-14.00. Biblioteket på Nærbø
MELLOM NÆRBØ

Klubb for deg som går på mellomtrinnet. Her kan du blant anna prøve deg på 3D-printing, vinylkutting og å sy på symaskin. Ta med eigen berbar pc/chromebook + mus om du vil designe 3D-print. Gratis.

mellom



Torsdag 24. januar kl. 18.00. Biblioteket på Nærbø
«DIAGNOSE: FLINK PIKE»

Føredrag ved Unn Therese Omdal som fortel si personlege reise frå å vere utbrent til ein kvardag med mindre stress, meir energi og auka livskvalitet. Føredraget er ei blanding av historieforteljing og konkrete verktøy innan mindfulness og stress-meistring.

Kaffi/te/twist. Gratis. Støtta av Fritt Ord.

Laurdag 26. januar kl. 11.00-13.00.
Biblioteket på Nærbø
OPEN SYVERKSTAD

Velkommen til biblioteket på open syverkstad. Me har symaskin, overlockmaskin og coverstitch-maskin. Ta med deg det du treng av materiale til ditt eige syprosjekt, og prøv ut utstyret vårt. Ta gjerne med eigne maskinar om du ønskjer. Det vil vere mogleg å få rettleiing ved bruk av overlock- og coverstitch-maskin.

Slepp fantasien laus og vel møtt!

For deg som kan litt frå før og for vidarekomne. For vaksne. Gratis.



Laurdag 26. januar kl. 14.00. Hå gamle prestegard

OPNING AV NYE UTSTILLINGAR

KARI AASEN

STILL LIFE - NYE LANDSKAP

FORGJENGELIG OG EVIG

keramikk/installasjon

Utstillinga tek opp tema kring det sykliske og prosessuelle, om tid og det forgjengelege. Installasjonen er laga av tørka blomar og andre vekster som er dyppa i flytande porselen og brent til 1260 grader. Ut kjem nye former, basert på naturen sjølv, sveipt i ei porselenskappe, som eit fossil, ein stivna augneblink. Dei nye formene blir til stadsspesifikke installasjonar der det keramiske materialet og mengda av dette er avgjerande for heilskapen.

Kari Aasen bur og arbeider i Bergen. Ho er mellom anna utdanna i spesialisert kunst frå Kunst- og designhøgskolen i Bergen.

GRUPPEUTSTILLING - DYPTRYKK

Arne Bendik Sjur, Erling Valtyrson, Terje Resell, Anita Tjemslund, Kjell Erik Killi Olsen, Kjell Nupen, Terje Risberg, Astrid McGarrighan, Tom S. Kosmo, Frank Brunner, Tom Gundersen, Hege Cathrine Thoresen, Sidsel Westbø, Patrik Berg, Arild Yttri, Elin Rødseth, John Hoelstad Dæhli, Kjell Bendiksen

DYPTRYKK undersøker tendensane til det som skjer innan den grafiske djuptrykksteknikken i dag. Kva kunstnarar nyttar denne teknikken? Kva metode eller variant av djuptrykksteknikken nyttar dei? Kva tema tek dei opp?

I utstillinga vil både godt etablerte kunstnarar og nytdanna vere representert. Me syner òg verk av kunstnarar som eksperimenterer med teknikken eller kombinerer denne med andre teknikkar.

Hå gamle prestegard presenterer i perioden 2018–2020 ein serie utstillingar med tema kring dei ulike grafiske teknikkane. Utstillingsserien er eit bidrag til 100-årsmarkeringa av etableringa av Norske Grafikere i 1919.



Elin Rødseth, Passersby 8,
fotopolymer


Søndag 27. januar kl. 13.30. Hå gamle prestegard

VANDRING I UTSTILLINGANE

Bli med inn i utstillinga til Kari Aasen og gruppeutstillinga Dyptrykk. Vanleg inngangsbillett gjeld.

Måndag 28. januar kl. 18.00. Biblioteket på Ogna

BOKKAFÉ



Bokprat ved Jan Helge Stensland. Gratis. Enkel servering.

Tysdag 29. januar kl. 12.30–14.00. Biblioteket på Nærbø

MELLOM NÆRBØ

Klubb for deg som går på mellomtrinnet. Her kan du blant anna prøve deg på 3D-printing, vinylkutting og å sy på symaskin. Ta med eigen berbar pc/chromebook + mus om du vil designe 3D-print. Gratis.

Tysdag 29. januar kl. 14.00–15.00.

Biblioteket på Nærbø

SPRÅKDRØS

Språkdirøs er for alle som ynskjer å snakke norsk. Me møtest til ein hyggeleg og uformell prat over ein kopp kaffi eller te. Gratis. Velkommen!



27. JANUAR ER DEN INTERNASJONALE MINNEDAGEN FOR HOLOCAUSTOFRA

Eitt av offera for Holocaust var Ludwig Melzer som budde på Ognå.

Melzer var jøde og fødd i Bøhmen. Han kom til Noreg i 1939 som politisk flyktning, og slo seg ned på Ognå. Han budde på garden til Ole Kvianes. Melzer vart tilsett som driftsleiar ved A/S Ognå Fabrikker, som produserte tangprodukter. Melzer var utdanna kjemiingeniør og hadde arbeid ved ulike utanlandske kjemiske fabrikkar. Han blei god venn med Christian Nielsen, bestyrar ved Jæren Elektrisitetsverk på Ognå. Melzer blei arrestert av lensmannen i Egersund i oktober 1942, 54 år gamal. I november 1942 blei han, saman med fleire andre jødar fra Rogaland, deportert til Auschwitz med D/S Donau. Han vart snart drept der.

For at Melzer og historia hans ikkje skal verte gløymt, vil Hå kommune i samarbeid med Hå historielag og Jødisk museum i Oslo leggje ned ein «snublestein» ved Ognå skule/kombinasjonsbiblioteket på Ognå. I samband med dette vert det ei offisiell markering og fleire ulike arrangement. Dato og program for er foreløpig ikkje avklart, men vil bli annonsert på nettsidene våre og i Jærbladet.

«Snublesteinar» er minnesmerke over offer for nazismen under andre verdskrigen. Kvar stein er utforma som ein brustein og vert lagt ned i gata. Det var kunstnaren Gunter Demnig som sette i gang prosjektet. Prosjektet starta i 1994 og så langt er det lagt ned 70 000 snublesteinar over heile Europa. For meir informasjon, sjå www.snublestein.no



L. Melzer





Måndag 4. februar kl. 16.30. Biblioteket på Nærbø
JØRN LIER HORST FOR BARN OG UNGE

Kom til biblioteket og møt forfatteren bak dei populære krimbøkene for barn - Detektivbyrå nr. 2 og CLUE-serien. Den bestseljande barnebokserien om Detektivbyrå nr. 2 er seld til 17 land og passsar godt for yngre lesarar. For dei litt eldre barna på mellom- og ungdomsskuletrinnet, er CLUE-serien spennande lesing i eit godt og lett språk - med mykje action. Jørn Lier Horst vil sjølv lese frå og presentere bøkene sine. Det vert høve til å snakke med forfatteren og få autografar etter presentasjonen.

Frå 6 år. Arrangementet er støtta av Fritt Ord. Gratis.

Måndag 4. februar kl. 18.00. Biblioteket på Nærbø
FORFATTARBESØK AV JØRN LIER HORST



Med sine spenningsromanar om politimannen William Wisting er Jørn Lier Horst ein av Noregs fremste krimforfattarar. Lier Horst har tidlegare arbeidd som etterforskningsleiar i Larvik, og kjenner godt til både miljøet og metodane han skriv om. Han slutta i politiet i 2013 for å kunne skrive på heiltid. Handlinga i bøkene til Jørn Lier Horst er som henta rett ut av kvardagen til ein politimann, både når det gjeld rutinar og dramatikkk.

Jørn Lier Horst fekk Bokhandlerprisen for Vinterstengt i 2011. I 2012 mottok han Vestfold fylke sin Litteraturpris, samt Rivertonprisen og prisen for beste skandinaviske krim, Glassnøkkelen.

For ungdom og vaksne. Arrangementet er støtta av Fritt Ord. Gratis.

Tysdag 5. februar kl. 12.30-14.00. Biblioteket på Nærbø
MELLOM NÆRBØ

Klubb for deg som går på mellomtrinnet. I dag snurrar me film i kinorommet. Velkommen! Gratis.

Torsdag 7. februar kl. 18.00. Biblioteket på Varhaug
GAUTE HEIVOLL -
SANG FOR SEKSTIÅTTE FORRÆDERE


Gaute Heivoll kjem til Varhaug for å samtale med Sjur Håland om den nye boka si. Handlinga i romanen er lagt til andre verdskrigen i ei lita bygd på Sørlandet. I bygda er det 68 NS-medlemmar. Heivoll prøver i boka å finne ut kvifor så mange frå hans eiga heimbygd melde seg inn i NS.

Arrangementet er støtta av Fritt Ord. Te/kaffi/twist. Gratis.



Laurdag 9. februar kl.12.00. Biblioteket på Nærbø
KODING

Endeleg kan du kome til biblioteket og kode igjen! Det vert hovudvekt på micro:bit denne laurdagen. Micro:bit er ein liten datamaskin som er laga for å lære barn å programmere. Den kan programmerast både med blokker som i Scratch, eller med tekstbaserte språk som Python og JavaScript. Micro:bit har blant anna innebygd LED-matrise, knappar, Bluetooth og temperaturmålar som me kan kontrollere. Rettleiar: Erik Espedal Boge.



For deg som kjenner litt til koding frå før. Støtta av Rogaland fylkesbibliotek. Gratis.

Tysdag 12. februar kl. 12.30-13.30. Biblioteket på Nærbø
LESESIRKEL

Liker du å lese, og har lyst å vere med i lesesirkel? Me møtest i biblioteket på Nærbø ca ein gong i månaden og snakkar om boka me har lese. Bok bestemmer me i lag. Bok for februar er *Eleanor Oliphant har det helt fint* av Gail Honeyman.

Neste dato og ny bok blir annonsert i biblioteket, på facebook (Hå folkebibliotek) eller via e-post (ta kontakt med biblioteket på bibnar@ha.kommune.no).

Velkommen til te, kaffi og hyggeleg prat om bøker. Gratis.

Ynskjer du å vere med i lesesirkel, men kan ikkje på dagtid? Meld i frå til biblioteket, så kan me formidle kontakt og organisere oppstart av ein ny lesesirkel. Korleis denne lese-sirkelen skal organiserast kan du vere med på å bestemme.



Tysdag 12. februar kl. 12.30-14.00. Biblioteket på Nærbø
MELLOM NÆRBØ

Klubb for deg som går på mellomtrinnet. Her kan du blant anna prøve deg på 3D-printing, vinylkutting og å sy på symaskin. Ta med eigen berbar pc/chromebook + mus om du vil designe 3D-print. Gratis.

Tysdag 12. februar kl. 13.00-14.30. Biblioteket på Varhaug
MELLOM VARHAUG

Klubb for deg som går på mellomtrinnet (5.-7. klasse). Her kan du prøve deg på ulike aktivitetar. Denne gongen er det bokbad. Gratis.



Fredag 15. februar kl. 19.00-22.00. Hå gamle prestegard
GASTRONOMISK HYGGE
MED BONDEN & KOKKEN

Mat med "miniføredrag". Kokk Arne Nese frå Frøyland Gard og bonde Jone Wiig inviterer til måltids glede laga av råvarer frå Jæren. Maten og råvarene vert presenterte undervegs.

Pris: 6 rettar kr. 850,- pr. person.

Sal av vin tilpassa menyen, øl og mineralvatn.

Påmelding: post.hgp@ha.kommune.no eller 51 79 16 60 seinast 7. februar.

Avgrensa med plass, så ikkje vent for lenge med å melde deg på.

BIBLIOTEKKINO

Me viser film om Karsten og Petra - på skattejakt

Varhaug: Tysdag 19. februar kl. 13.00

Nærbø: Måndag 25. februar til laurdag 2. mars kl. 12.00 (ei framsyning kvar dag)

Filmen varer i 1 time og 22 min. Tillate for alle. Gratis!

Karsten og Petra på skattejakt (Foto: SF Studios)



Tysdag 19. februar kl. 12.30-14.00. Biblioteket på Nærbø
MELLOM NÆRBØ

Klubb for deg som går på mellomtrinnet. Her kan du blant anna prøve deg på 3D-printing, vinylkutting og å sy på symaskin. Ta med eigen berbar pc/chromebook + mus om du vil designe 3D-print. Gratis.

Laurdag 23. februar kl. 12.00. Biblioteket på Nærbø

DET GYLNE EVENTYREGGET


I det gylne eventyregget bur det varme og tussete eventyr. I tussemørket tassar tussar, nissar og troll.

Dei kan fortelje oss hemmelegheiter og historier frå langt tilbake i tid.

Ei forteljarframsyning med Marianne Stenerud.

Varer i ca. 40 minutt.

Frå 4 år. Gratis.



Søndag 24. februar kl. 13.30. Hå gamle prestegard

KUNSTVANDRING MED ÅSE ANDA

Kunstnar Åse Anda tek oss med inn i utstillinga Dyptrykk. Her fortel ho om korleis grafikk blir nytta blant kunstnarar i dag og tek oss gjennom dei ulike teknikkane innan djuptrykk som er representert i utstillinga.

Vanleg inngangsbillett gjeld.

Tysdag 26. februar kl. 14.00-15.00. Biblioteket på Nærbø

SPRÅKDRØS

Språkdirøs er for alle som ynskjer å snakke norsk. Me møtest til ein hyggeleg og uformell prat over ein kopp kaffi eller te. Gratis. Velkommen!

Onsdag 27. februar kl. 19.00-21.00. Hå gamle prestegard

ONSDAGSFØREDRAG: TYSKLANDSBRIGADEN

Med forfattar Geir Stian Ulstein

«Jeg har sett Tyskland i ruiner, før et eneste spadetak var tatt for å gjenreise landet. Martinus Vågbø Nerland, brigade 471 1947. Gjennom pakkis og flyteminer sendes de første 5000 norske soldatene over Kattegat i et tidligere tysk troppetransport-skip. Destinasjon: fiendeland. Oppdrag: å vokte freden.»

Basert på arkivmateriale og intervju med kring 100 veteranar, leverer Geir Stian Ulstein den fyrste samanfattande forteljinga om Tysklandsbrigaden.

Kr. 200,- inkl. kveldsmat.

Påmelding: post.hgp@ha.kommune.no eller 51 79 16 60.



Tysdag 5. mars kl. 12.30-14.00. Biblioteket på Nærbø

MELLOM NÆRBØ

Klubb for deg som går på mellomtrinnet. I dag snurrar me film i kinorommet. Velkommen! Gratis.

Onsdag 6. mars kl 18.00. Biblioteket på Nærbø

FØREDRAG VED MARTE MICHELET: **AVLYST!** «HVA VISSTE HJEMMEFRONTEN?»

773 norske jødar blei sende til dei tyske dødsleirane. Den etablerte forteljinga har i alle år vore at aksjonen kom som lyn frå klar himmel og at heimefronten gjorde alt som stod i deira makt for å redde jødane. I *Hva visste hjemmefronten?* blir denne forteljinga for første gang kritisk undersøkt. Marte Michelet legg fram nye funn og dokument som viser ei heilt anna historie. Ho avslører bortforklaringar i den norske motstandsørsla både før, under og etter aksjonen mot jødane. Michelet viser korleis fleire motstandsheltar og historikarar i ettertid har dyssa ned, sminka over eller halde hemmeleg vesentleg informasjon.



Marte Michelet.
(Foto: Astrid Snipsøy)

Arrangementet er støtta av Fritt Ord. Te/kaffi/twist. Gratis.

Onsdag 6. mars kl. 19.00-21.00. Hå gamle prestegard

ONSDAGSFØREDRAG: KUNSTSNAKK MED KUNSTNAR ANITA TJEMSLAND

Mange kjenner Anita Tjemsland og svart-kvitt-skildringane av små tettstader og store byar. Denne kvelden møter du kunstnaren som er med på gruppeutstillinga Dyptrykk. Ho tek oss med på ei vandring i utstillinga, fortel om djuptrykkteknikken og demonstrerer ulike måtar denne blir nytta på.

Kr. 200,- inkl. kveldsmat.

Påmelding: post.hgp@ha.kommune.no eller 51 79 16 60.

Laurdag 9.mars kl. 10.00-14.00. Biblioteket på Nærbø

LEGOBYGGJEDAG

Kom og bygg med lego på biblioteket! Me har fått låne 6 kassar med lego frå Vitenfabrikken.



For alle. Gratis.

Tysdag 12. mars kl. 12.30-14.00. Biblioteket på Nærbø

MELLOM NÆRBØ

Klubb for deg som går på mellomtrinnet. Her kan du blant anna prøve deg på 3D-printing, vinylkutting og å sy på symaskin. Ta med eigen berbar pc/chromebook + mus om du vil designe 3D-print. Gratis.

Tysdag 12. mars kl. 13.00-14.30. Biblioteket på Varhaug


MELLOM VARHAUG

Klubb for deg som går på mellomtrinnet (5.-7. klasse). Her kan du prøve deg på ulike aktivitetar. Denne gongen er det sying. Gratis.

Onsdag 13. mars kl. 19.00-21.00. Hå gamle prestegard

NB! Datoen kan verta endra.

ONSDAGSFØREDRAG: HVITEKRIST



Hausten 2018 kom Tore Skeie ut med boka *Hvitekryst* om Olav Haraldsson som i ettertid blei kjent som Olav den Heilage. Boka blei ei av bestseljarane i haust.

«Tore Skeie spenner opp det store lerretet og tar leseren med på en forrykende ferd gjennom den turbulente perioden da vikingtiden var på hell og kongeriket Norge var i støpeskjeen. Mens krigsherrer manøvrerte, allierte byttet side og store sølvskatter skiftet hender, rådet vold, brutalitet og ødeleggelse. Samtidig spredte kristendommen seg og skapte langsomt en ny samfunnsorden. *Hvitekryst* gir et friskt blick på norgeshistorien, hvor vikingtidens mennesker og begivenheter løftes opp og ut av sagaene og inn i en større europeisk sammenheng». Gyldendal forlag.

I føredraget på Hå gamle prestegard denne kvelden fortel forfatteren frå boka og kjem inn på forholda knytte til Jæren, om Olav Trygvasson og Erling Sjalgsson, kristninga i området og om kontakten til Danmark og England.

Kr. 250,- inkl. kveldsmat.

Påmelding: post.hgp@ha.kommune.no eller 51 79 16 60.

Laurdag 16. mars kl. 12.00. Biblioteket på Nærbø

BOKLANSERINGSFEST

Maiken Nylund debuterer med boka

Rikka, på ordentlig og forever.

Om å være 10 år og midt mellom barn og ungdom - og IKKE forelsket.

Alt forandrer seg den høsten da Rikkas bestevenn Lise plutselig blir forelsket. For Rikka er ikke forelsket. Absolutt ikke! Hun har mer enn nok med en pappa som bor i en annen by, småsøsken og steforeldre - og en ny gutt i nabohuset. Og når hun attpåtil blir uvenner med Lise, er ingenting lenger som det skal. (Forlagets omtale)

Denne dagen blir det fest i biblioteket med vår eiga Maiken Nylund.

Musserande Mozell til alle, utlodning, ballongar, høgtlesing mm.

Du kan både låne og kjøpe boka på biblioteket. Signering av forfatteren.

Arrangementet er støtta av Nasjonalbiblioteket. Gratis.



Maiken Nylund. (Foto: Tonje Hodne)

Tysdag 19. mars kl. 12.30-14.00. Biblioteket på Nærbø
MELLOM NÆRBØ

2019

Bokåret



Klubb for deg som går på mellomtrinnet. I dag blir det boklansering og skrivekurs. Maiken Nylund fortel og gir tips om det å skrive bok. *Jeg elsker sommer, sier Rikka. Jeg elsker is, sier Lise. Jeg elsker når det er så varmt at isen nesten har smelta før den skli gjennom halsen, sier Rikka. Da snur Lise seg over på siden og ser på Rikka. Jeg elsker Tom i B-klassen, sier hun.*

Utdrag fra *Rikka på ordentlig og forever* (2019) av Maiken Nylund.

Støtta av Fylkesbiblioteket og Nasjonalbiblioteket. Velkommen! Gratis.

Tysdag 19. mars kl. 18.00. Biblioteket på Nærbø
**FORBRYTER UTEN BREKKJERN
AV STEIN LUNDE**

Ei framsyning om lausgjengarlova, Opstad tvangsarbeids- hus og Hans Aleksander Hansen sitt liv og diktning. Sjølv om *Forbryter uten brekkjern* handlar om eit alvorleg tema, er framsyninga, i likskap med Hans Aleksander Hansen si diktning, full av humor og overraskande poeng. 11 av dikta hans vert framført til toner av av Stein Lunde.

Støtta av Fritt Ord. Te/kaffi/twist. Gratis.



Torsdag 21. mars kl. 17.30-18.30. Biblioteket på Varhaug
BOKKAFÉ FOR BARN



Britt Astrid Helland Ek fortel og les frå nye bøker. Arrangementet passar for barn frå 4 år, til og med 2. klasse. Enkel servering. Gratis.

Laurdag 23. mars kl. 12.00. Biblioteket på Nærbø
WORKSHOP I VINYLKUTTING

Velkommen til biblioteket på open verkstad i vinylkutting. Me har to Cameo 3 vinylkuttarar, vanleg matte, PixScan-matte, pennhaldar og varmpresse. Me har òg HTV og kartong som kan kjøpast. Ta med deg det du elles treng og treff andre med same hobby.

Slepp fantasien laus og vel møtt!

For deg som kan litt frå før og for vidarekomne.

Frå 16 år og oppover. Gratis.



Laurdag 23. mars kl. 14.00. Hå gamle prestegard
OPNING AV NYE UTSTILLINGAR

METTE TRONVOLL

PORTRETTER

fotografi

Utstillinga er eit utval arbeid mellom anna med utgangspunkt i portrettserien Afrikanske bilder. Serien er fotografert i Tanzania, Kenya og Rwanda. I desse landa møtte Tronvoll menneske innan ulike yrkesgrupper; jordbruk, turisme, energi og bankvesen. Dei portretterte er menneske med svært ulik sosial status, frå folk i slumstrøk til meir privilegerte stillingar. Fotografering av menneske danner kjerna i Tronvoll sitt virke som kunstnar. Ho bur og arbeider i Oslo og er representert ved Nasjonalmuseet for kunst, The Metropolitan Museum of Art, Moderna Museet og fleire andre museer og samlingar.



Mette Tronvoll, Arusha # 4, C-print, 2016, 150 x 150 cm

ANNE-KARINE SOLGAARD

LYTT OG STIKK

smykke/objekt

Tema for utstillinga er "medisinske instrument". Utstillinga består av verk med titlar som Stetoskop og Sprøyter. Dette er hals-smykke/objekt som er sett saman av ulike materiale og ferdigelement. Eit typisk trekk med Solgaard sin produksjon er at ho nyttar ukonvensjonelle materialer som skruer, mutrar, plast og gummi i kombinasjon med edle materialer som sølv, perler og smykkesteinar i verka sine.



Anne-Karine Solgaard, Lytt og stikk, halssmykke/objekt

Anne-Karine Solgaard bur og arbeider i Oslo. Ho er utdanna ved Statens håndverks- og kunstindustriskole.

SVERRE WYLLER

MALERI OG SKULPTUR

Sverre Wyller nyttar eit abstrakt og organisk formspråk, enten det gjeld maleri eller skulptur. Malaria i utstillinga er utført i tempera på lerret og er laga i Tyskland i perioden då han budde i Berlin.

Kunstnaren utforskar problem og moglegheiter i maleriet, samt omgrepa dualitet og separasjon. I skulpturane arbeider Wyller ofte med tre, gjerne i kombinasjon med metall. Gjenbruk av materiale har vore eit gjennomgangstema i kunstnarskapen hans over lengre tid.

Sverre Wyller er utdanna ved Arkitektthøgskolen og Statens Kunstakademi i Oslo og ved kunsthøgskolen i tidlegare Vest-Berlin. Wyller bur og arbeider i Oslo og er innkjøpt av mellom anna Nasjonalmuseet for kunst.

INGRID TORVUND

I FOUND YOU UNDER EARTH, UNDER BLOOD

video

I nye løa får me mellom anna sjå den nyaste filmen til Ingrid Torvund. Filmen deler tittel med utstillinga. Filmene til Torvund går føre seg i eit heilt særeige, eventyrleg univers; ei mytologisk verd som er tidlaus, mystisk og drøymande. Torvund er frå Kviteseid i Vest-Telemark og ofte nyttar ho denne staden i filmene sine. Området er kjent for folkemusikk, treskjering, munnleg historieforteljing og gamle kyrkjer der heidenske og kristne symbol eksisterer side om side. Alt dette er element som blir nytta i verka hennar.

Torvund er utdanna ved Kunsthøgskolen i Oslo med en BA fra avdeling Kunstakademiet. Ho blei nyleg innkjøpt av Kiasma Museum of Contemporary i Helsinki.



Ingrid Torvund, I Found You Under Earth, Under Blood. Foto: Jonas Maitland



Foto: Åge Bjørnevik/Jærbladet


**Frå fredag 22. mars. Motland skule
HIGH SCHOOL MUSICAL JR.**

To tenåringer frå kvar si verd finn ut at dei har noko felles – dei likar å synge. Det er historia om vennskap, forventingar og popularitet. Ei fengjande framsyning med levande musikk av eit sær sers profesjonelt band. Oppsettinga er Hå kulturskule sin ellefte musikalproduksjon.

Med musikalelevar frå Hå kulturskule
Regi: Frank Robert Andreassen • Musikalsk leiar: Lars Ole Bergersen
Koreografi og kostyme: Trine Marie Abelsnes • Produksjon: Camilla Ystanes
Billettar: kr. 200,-/150,- • Billettsal: www.ha.no/billettsalg

**Søndag 24. mars kl. 13.30. Hå gamle prestegard
VANDRING I UTSTILLINGA
MED KUNSTNAR SVERRE WYLLER**

Vanleg inngangsbillett gjeld.



*Sverre Wyller, Løren #10, Berlin 2015,
190x220cm, tempera på lerret*

**Onsdag 27. mars kl. 19.00-21.00. Hå gamle prestegard
ONSDAGSFØREDRAG:
KUNSTSNAKK MED METTE TRONVOLL**

Mette Tronvoll tek oss med inn i utstillinga PORTRETTER og fortel om fotoserien Afrikanske bilder og arbeidet med denne. Etter omvisinga blir det ein kunstnarpresentasjon der Tronvoll fortel om arbeidet sitt som kunstnar, om kva som har oppteke henne og kvifor nett portrettfotografi har blitt ein så stor del av verksemda hennar. Ho vil òg snakke om eit stort arbeid som ho held på med for tida, kalla Nordmenn i det 21. århundre.

Kr. 200,- inkl. kveldsmat. Påmelding: post.hgp@ha.kommune.no eller 51791660.



*Mette Tronvoll, Arusha # 7,
C-print, 2016, 150 x 150 cm*

Måndag 25. mars kl. 18.00. Biblioteket på Oгна

BOKKAFÉ

Bokprat ved Jan Helge Stensland. Gratis. Enkel servering.

Tysdag 26. mars kl. 12.30-14.00. Biblioteket på Nærbø

MELLOM NÆRBØ

Klubb for deg som går på mellomtrinnet. Her kan du blant anna prøve deg på 3D-printing, vinylkutting og å sy på symaskin. Ta med eigen berbar pc/chromebook + mus om du vil designe 3D-print. Gratis.

Tysdag 26. mars kl. 14.00-15.00. Biblioteket på Nærbø

SPRÅKDRØS

Språkdrøs er for alle som ynskjer å snakke norsk. Me møtest til ein hyggeleg og uformell prat over ein kopp kaffi eller te. Gratis. Velkommen!

Laurdag 30. mars kl. 12.00. Biblioteket på Nærbø

MAGNUS ÅNESTAD - SÅ, SÅ, PAPPA



Å vere pappa er eit potpurri av kjensler. Ein kan kjenne seg stolt, glad eller galen. Slik var det også for Magnus Ånestad. Han gjorde kjenslene om til tekst og laga diktboka for ferske fedre – til trøyst og gjenkjenning. *Så, så, pappa, det går bra ...*

Arrangementet er støtta av Nasjonalbiblioteket. Gratis.



Tysdag 2. april kl. 12.30-14.00. Biblioteket på Nærbø

MELLOM NÆRBØ

Klubb for deg som går på mellomtrinnet. Her kan du blant anna prøve deg på 3D-printing, vinylkutting og å sy på symaskin. Ta med eigen berbar pc/chromebook + mus om du vil designe 3D-print. Gratis.

Torsdag 4. april kl. 18.00. Biblioteket på Varhaug

BOKDRØS

Britt Astrid Helland Ek og Tove Obrestad Wøien har bokpresentasjonar og høgtlesing. Ta med spøtet eller heklet om du vil. Gratis.

Tysdag 9. april kl. 12.30-14.00. Biblioteket på Nærbø

MELLOM NÆRBØ

Klubb for deg som går på mellomtrinnet. I dag snurrar me film i kinorommet. Velkommen! Gratis.

Tysdag 9. april kl. 13.00-14.30. Biblioteket på Varhaug

MELLOM VARHAUG

Klubb for deg som går på mellomtrinnet (5.-7. klasse). Her kan du prøve deg på ulike aktivitetar. Denne gongen er det film. Gratis.

Torsdag 11. april kl. 19.00. Jadarheim, Nærbø

GERSWIN: RHAPSODY IN BLUE

Brørne Maciej og Tomasz Stroynowski fremfører Gerswins jazzinspirerte verk for to klaver.

Pianoelevar frå Hå kulturskule deltek med eigen avdeling. Billettar: kr. 100,- /50,- Billettsal: www.ha.no/billettsal





Søndag 22. april kl. 12.00-15.00. Hå gamle prestegard
FAMILIEDAG: PÅSKETRADISJONAR FOR HEILE FAMILIEN

Ta fram sykkelen og kom til Hå 2. påskedag. Her får du koke påskeegg i strandsteinane og dekorere påskeegg i verkstaden. Du får høyre påskeforteljing for barn og vaksne, og du kan leite etter gøynde påskeegg. Kanskje vert det fleire overraskingar. Følg med på www.hagamleprestegard.no

Sal av pølser som er kokt på bål.

Arr. i samarbeid med Vennelaget for Hå gamle prestegard.



Fredag 26. april - søndag 28. april

HÄNDELS MESSIAS

Jæren symfoniorkester i samarbeid med kulturskulane i Hå, Klepp og Time framfører utdrag frå Händels Messias. Solistar frå kulturskulane i Hå og Klepp med songarar frå Jæren Kammerkor, Klepp mannskor og kammerkoret Vivace.

Dirigent: Christopher McMullen-Laird

Fredag 26.april kl. 19.00 Bryne kyrkje

Laurdag 27. april kl. 19.00 Nærbø kyrkje

Søndag 28. april kl. 19.00 Festsalen, Klepp rådhus

Billettar: kr. 300,-/100,-

Billettsal: www.ha.no/billettsalg

Tysdag 30. april kl. 14.00-15.00. Biblioteket på Nærbø
SPRÅKDRØS

Språkdrøs er for alle som ynskjer å snakke norsk. Me møtest til ein hyggeleg og uformell prat over ein kopp kaffi eller te. Gratis. Velkommen!



Tysdag 30. april kl. 18.00. Jadarheim, Nærbø
HAKKEBAKESKOGEN

Med teaterlevar frå Hå kulturskule
 Regi: Camilla Ystanes
 Musikalsk leiar: Inger Elisabeth Aniksdal
 Billettar: kr. 50,- (Barn gratis)
 Billettsal: www.ha.no/billettsalg

Laurdag 4. mai kl. 12.00-12.30. Biblioteket på Nærbø
BOKKAFÉ FOR BARN



Anette Madland fortel og les frå nye bøker. Arrangementet passar for barn frå 4 år til og med 2. klasse. Enkel servering. Gratis.

Onsdag 8. mai kl. 20.00. Obrestad fyr
MAIJAZZ PÅ FYRET: TORUN ERIKSEN
«LUXURY AND WASTE»

Torun Eriksen vokal og Kjetil Dalland bass/gitar
«Nå kan publikum høre Torun Eriksens fantastiske stemme og innlevelse i duoformat, med den intimiteten og nærheten det skaper. Bassist Kjetil Dalland har vært med Torun Eriksen siden de første demo-opptakene hennes siden på slutten av nittitallet. Det er en moden og selvsikker artist med et enormt spenn vi skal få oppleve. Her er Torun Eriksens eget personlige univers av jazz, pop og soul, innoverrettet betraktning og drivende, pulserende rytmer med en sterkt gjenkjennelig signatur. I høst kom Luxury and Waste (Jazzland)-innspillingen ut.» Majjazz

Opplev musikken live på Obrestad fyr ved havkanten på Jæren.

Billettar: www.maijazz.no. Dørene opnar kl. 19.30. Sal av øl, vin, mineralvatn og snacks.



Søndag 12. mai kl. 14.00. Hå gamle prestegard
MAIJAZZ FAMILIEKONSERT: SMÅ BLÅ

Også i år vert det familiekonsert i løa på Hå.

Artistar vert annonsert seinare.

Følg med på www.hagambleprestegard.no

Billettar: www.maijazz.no



Tysdag 14. mai kl. 13.00-14.30. Biblioteket på Varhaug

MELLOM VARHAUG

Klubb for deg som går på mellomtrinnet (5.-7. klasse). Her kan du prøve deg på ulike aktiviteter. Denne gongen er det vinylkutting. Gratis.

Laurdag 18. mai kl. 12.00. Biblioteket på Nærbø

BIBLIOTEKKINO

Me snurrar film. Kva film som vert vist, vert annonsert på Facebook og plakat og flyers i biblioteket. Gratis.

Tysdag 28.mai kl. 13.00-14.00. Biblioteket på Nærbø

MELLOM NÆRBØ

- FORFATTARBESØK

AV NINA E. GRØNTVEDT

Kom til biblioteket og møt forfatteren bak den populære Oda-serien! Nina E. Grøntvedt har hatt stor suksess med bøkene *Hei, det er meg!* (2010), *Absolutt Ukyssa* (2012), *Supersommer* (2014) og *Happy Ending, liksom?* (2015), som ho både har skrive og illustrert. *For Hei, det er meg!* blei ho nominert til Brageprisen.

For mellomtrinnet. 4. klasse spesielt invitert. Gratis.



Nina E. Grøntvedt.
(Foto: Titt Melhuus)

1.juni – 31.august. Biblioteket i Hå, alle avdelingar

SOMMARLES 2019

Sommarles er ein nettbasert lesekampanje for dei som byrjar i 1.trinn til hausten til og med dei som går ut av 7. trinn. På sommarles.no kan du registrere bøkene du les, samle poeng, oppnå digitale trofé og hente tøffe premiar på biblioteket. Gratis.

Onsdag 5.juni kl. 18.00 Storstova, Bryne

HÅ KULTURSKULE SI DANSEFRAMSYNING

Det er tradisjon at dansarane frå Hå kulturskule avsluttar skuleåret med ei heidundrande framsyning.

Regi: Cecilie Hadland og Anette Ree - Billettar: kr. 120,-. Billettsal: www.storstova.com

Onsdag 12.juni kl. 19.00 Jadarheim, Nærbø

HÅ KULTURSKULE SIN SOMMARKONSERT

Elevar og lærarar fyller Jadarheim med song og spel.

Billettar: kr. 100,-/50,-. Billettsal: www.ha.no/billettsal

Fredag 14. juni kl. 19.00-22.00. Hå gamle prestegard

SOMMARKONSERT: FINT FRANSK ORKESTER

Hå gamle prestegard inviterer til ein opplevingsrik sommarkveld med franske tonar og fransk mat ute ved havet. Konsert med Johan Egdetveit (trekkspel), Dominique Brackeva (vokal, trombone), Eva Bjerga Haugen (vokal, tangentar), Andreas Barsnes Onarheim (gitar, vokal) og Theodor Barsnes Onarheim (kontrabass).

Sal av mineralvatn, øl og vin. Etter konserten vert det servert fransk buffet.

Kr. 250,- for konsert og kr. 250,- for buffet.

Påmelding:

www.hagamleprestegard.no



(Foto: Emile Ashly)

Laurdag 8. juni kl. 14.00. Hå gamle prestegard OPNING AV SOMMERUTSTILLINGANE

MAGNHILD OPDØL, *THE LAST WORD*, teikning og objekt
MARKUS LI STENSRUD, *THE EXTREMIST BANQUET*, installasjon
DONA EIS REQUIEM – *GJE DEI KVILE*, kulturhistorisk utstilling om døden.

MAGNHILD OPDØL, *THE LAST WORD*, teikning og objekt
Arbeida krinsar rundt tema som natur, naturressursar og verdssystem. Opdøl arbeider med teikning, maleri, skulptur, fotografi, installasjon og video. Magnhild Opdøl kjem frå Sunndalsøra. Ho er utdanna ved National College of Art and Design i Dublin.

MARKUS LI STENSRUD, *THE EXTREMIST BANQUET*, installasjon
I utstillinga *The Extremist Banquet* utforskar kunstnaren koplinga mellom barokken og futurismen, både tematisk og estetisk. Tittelen er henta frå *The Futurist Cookbook* (1932) av Marinetti, grunnleggjar av den futuristiske røyrsla. Verket er ei bearbeiding av Marinetti sin futuristiske bankett og det ti meter lange maleriet *Herodes' bankett med halshuggingen av Døperen Johannes* av Bartholomäus Stroebel, frå ca.1635. I likheit med Marinetti utforma Stroebel sitt verk som ein allegori over det politiske landskapet i samtida si. Markus Li Stensrud bur og arbeider i Oslo og er utdanna ved Statens kunstakademi.

DONA EIS REQUIEM – *GJE DEI KVILE*, kulturhistorisk utstilling om døden.
Det einaste sikre me menneske veit er at me skal dø - eller er det slik? Døden har til alle tider og i alle kulturar og religionar vore eit tema for undring, sorg, frykt og ritual. Ulike ritual og kva forhold me har til døden har endra seg gjennom tidene. Tradisjonelt har døden vore noko som har blitt delt i eit fellesskap. I moderne tid har møtet med døden blitt meir privat og individuelt. Døden blei i ein periode institusjonalisert og teken vekk frå heimen og det sosiale fellesskapet. I den seinare tida ser me at nokre av desse gamle rituala blir tekne attende. Er dette eit naturleg behov me menneske har for å dele og snakke om døden og sorga?



Frå utstillinga *DONA EIS REQUIEM*
– *GJE DEI KVILE* (Foto/eigar: Dalane
Folkemuseum)

Onsdag 12. juni kl. 19.00-21.00. Hå gamle prestegard
ORDENE OM DØDEN. SORGENS SPRÅK ELLER HÅPETS SPRÅK

Føredrag med Erling Pettersen, tidlegare biskop i Stavanger.
Kan me setje ord på døden? Kva ord nyttar me, og kørleis?

Laurdag 15. juni kl. 17.00. Hå gamle prestegard
DØDEN I KUNSTEN

Føredrag med Gunnar Danbolt, professor emeritus i kunsthistorie.

Onsdag 19. juni kl. 19.00. Hå gamle prestegard
«ALT FOR NORGE - SORG I DET OFFENTLIGE ROM»

Føredrag ved kulturviter Andrea Dietrichson frå historisk seksjon ved Oslo byarkiv.
Blant anna om barneteikningar etter Kong Olav sin død.

Onsdag 14. august kl. 18.00-20.00. Hå gamle prestegard
«MÅTTE DE HVILE I FRED. DØDEN OG DE DØDE I KATOLSK TRADISJON»

Føredrag med Kristin Bliksrud Aavitsland, kunsthistorikar og professor ved Det teologiske menighetsfakultet i Oslo.

«MINNEPROSESSENE ETTER 22. JULI»

Føredrag med Tor Einar Fagerland, førsteamanuensis i historie ved NTNU. Fagerland var leiar for forskningsprosjektet *July 22 and the Negotiation of Memory*

Sundag 18. august kl 13.00-17.00. Møt på Hå gamle prestegard
PILEGRIMSVANDRING

Med Kjell Børge Tjemsland, prost og leiar av Jæren pilgrimsråd.

Frå utstillinga DONA EIS REQUIEM på Hå gamle prestegard vandrar me til den gamle mellomalderkyrkjegarden på Njærheim og vidare langs pilgramsleia til Obrestad fyr.

Onsdag 21. august kl. 19.00-21.00. Hå gamle prestegard
DØDEN - LIVETS FØLGESVENN

Føredrag med Inge Eidsvåg, forfattar og lektor ved Nansenskolen på Lillehammer. Ulike perspektiv og refleksjonar om livet og døden.

Onsdag 28. august kl 19.00-21.00. Hå gamle prestegard
BARN, DØD OG SORG

Føredrag med Atle Dyregrov, professor i psykologi.

Kørleis møter me barn i sorg? Dyregrov har særleg arbeid med barn som har opplevd tap og traumer, og har bistått ved fleire ulukker og katastrofar i inn- og utland.

Laurdag 31. august kl 11.30-16.30. Møt på Hå gamle prestegard
BUSSTUR: VANDRING PÅ KYRKJEGARDANE I HÅ

Guidar på turen er historikar Lisabet Risa og arkeolog Kristin Armstrong Oma.

Kørleis har kyrkjegardane endra seg gjennom tidene? Kørleis er skikken i dag? Dagen startar med lunsj og omvising i utstillinga. Vidare går turen til kyrkjegardane i Hå.

For oppdatert program,
sjå www.hagambleprestegard.no
Påmelding til post.hgp@ha.kommune.no
/ 51791660



Berta Undheim f. Taksdal si gravferd
3.8.1934. Eigar: Time bibliotek

Laurdag 22. juni kl. 14.00. Obrestad fyr
OPNING AV SOMMARUTSTILLING

ISAAC CORDAL (ES)

WAITING FOR CLIMATE CHANGE

utandørs installasjon

I sommar kan du oppleve utstillinga *WAITING FOR CLIMATE CHANGE* av den spanske kunstnaren Isaac Cordal. Ved området på Obrestad fyr og Hå gamle prestegard vil du kome over små folk plassert på høge stolpar. På ulikt vis er dei alle førebudd på den komande klimaendringa. Dei ser ikkje redde eller bekymra ut, meir avventande til det uunngåelege.

Isaac Cordal bur og arbeider i Spania. Han har utdanning frå University of Fine Arts i Spania og Camberwell College of Arts i London, der han spesialiserte seg innan skulptur. Mange kjenner til street-art-prosjekta hans, der han plasserer ut små menneskeskulpturar i urbane miljø og isceneset kvardagssituasjonar i absurde settingar.



PROGRAM FOR STÅVÅ – VÅREN 2019

Seniorkafé i Hå kulturtorg på Nærbø, kvar fredag kl. 13.00-14.30.
 Inngang med enkel servering kr. 70,-

11. januar:
Glimt frå arbeidet mitt i Jærbladet

Kjell Olav Stangeland, tidlegare redaktør.



18. januar:
Arne Garborg og det jærskje Sigbjørn Reime

25. januar: Syng deg glad

2 tynne og ein Runde

1. februar: Salmar i tekst og tone

Bjarte Lending

8. februar: Glimt frå Japan i ord og bilete

Thomas Peter Randulff

15. februar: Trekkspel og song

Svein Arne Frøyland

**22. februar: F.A.Underhaug –
 Et industrieventyr** Ole Terje Underhaug

1. mars: Egersund byhistorie Johan Aakre



**8. mars: Snipp Snapp
 Snute - visesong**

Jarle Obrestad
 med Trond og Kjell
 Gudmestad

**15. mars: Lindrande behandling og
 omsorg i Hå** Lindring i Hå

22. mars: Kreftomsorg Rogaland

Jannicke Haugan, leiar

29. mars: Om livet og arbeidet i Etiopia

Sigmund Lende

5. april: Syng deg glad

2 tynne og ein Runde

**12. april: Firhendig pianokonsert med
 musikk av Grieg & Brahms med fleire.**

Brørne Maciej og Tomasz Stroynowski

**26. april: Ei oppveksthistorie frå
 Åna fengsel** Tom Ivar Liland

3. mai: Info kjem

10. mai: Info kjem

Vinter/Vår program 2019 - Ogna scene i Helgåleiren

- 2. jan** Quiz. Kl. 19.00
3. jan Foredrag m/Kjell Arild: Fra "kjelleren" til Nordkapp på blå resept! Kl. 19.00
4. jan Konsert - Reetro m/ gjesteartister. Kl. 20.00
5. jan Konsert - Lost Woodland. Kl. 20.00
7. jan Strikkekveld med Gitte. Kl. 19.00
10. jan Konsert - Ølklands og Arne Nordbø. Kl. 20.00
11. jan Konsert/forestilling - Froddien og mannskapet. Kl. 20.00
12. jan Konsert - Fint Fransk Orkester. Kl. 20.00
16. jan Bokkveld med Jack Rostøl: «Krigen». Kl. 19.00
17. jan Ølkveld. Kl. 19.00
18. jan Konsert - Klengenavn. Kl. 20.00
19. jan Foredrag Lasse Gustavson: «Hvis jeg kan, kan du». Kl. 12.00
19. jan Konsert - Rune Ellertsen m/band. Kl. 20.00
20. jan Loppemarked. Kl. 12.00-15.00
24. jan Konsert - I Eva Cassidys fotspor. Kl. 20.00
25. jan Historiekveld: Brusand Idrettslag 100 år. Kl. 20.00
26. jan Ettermiddagskonsert: Lappeteppe. Kl. 14.00
26. jan Konsert - The Real Neils. Kl. 20.00
29. jan Konsert - Digital seter. Kl. 20.00
1. feb Konsert - Lars Bremnes. Kl. 20.00
2. feb Konsert - Peter Wemø & Stine Solberg: «Cornelis ballader». Kl. 20.00
3. feb Konsert - Hilde Sveta med band. Kl. 19.00
4. feb Strikkekveld med Gitte. Kl. 19.00
6. feb Quiz. Kl. 19.00
7. feb Øivind Lundh, kåseri: Endringer, himmel og helvete. Kl. 19.00
8. feb Konsert - Gaute Ormåsen / Christian Ingebrigtsen. Kl. 20.00
9. feb Loppemarked musikuttstyr - bransjetreff på kvelden. Kl. 15.00-23.00
14. feb Foredrag med Eddi Eidsvåg: «Flyr igjen - eg e og nok, du og?». Kl. 20.00

- 15. feb** Konsert - Franska Trion (Sverige). Kl. 20.00
16. feb Foredrag Geir Helljesen: «Mennesker jeg møtte i NRK gjennom 40 år». Kl. 12.00
16. feb Konsert - Hanne Ahstrøm & Løvlands allé. Kl. 20.00
20. feb Bokkveld: BRØYT v/ Kyrre Nese. Kl. 19.00
21. feb Ølkveld. Kl. 19.00
22. feb Ogna-mesterskap i UNO. Kl. 20.00
23. feb Ettermiddagskonsert: Joe Rusi Trio. Kl. 14.00
23. feb Italiensk aften med vinsmaking, italiensk mat og musikk. Kl. 19.00
1. mars Historiekveld. Kl. 19.00
2. mars Konsert - Låvaberget. Kl. 20.00
4. mars Strikkekveld med Gitte. Kl. 19.00
6. mars Quiz. Kl. 19.00
7. mars Konsert - Stein Torleif Bjella. Kl. 20.00
8. mars En hyllestkveld til kvinnen i bygda. Kl. 20.00
9. mars Konsert - Elvira Nikolaisen trio, oppvarming Arny Egeland. Kl. 20.00
15. mars Konsert - Benedicte Adrian. Kl. 20.00
16. mars Foredrag Hans Wilhelm Steinfeld: «Den nye kalde krigen». Kl. 12.00
16. mars Konsert - Big Band Bonanza. Kl. 20.00
20. mars Bokkveld - Diagnose: flink pike. Kl. 19.00
21. mars Ølkveld. Kl. 19.00
22. mars Konsert - Silvas triotokt. Kl. 20.00
23. mars Ettermiddagskonsert - 2 me og to te og Gunnar. Kl. 14.00
23. mars Countrykonsert med Nashville Sound. Kl. 20.00
26. mars Hå historielag - Foredrag v/Øystein Hetland «jødedeportasjon». Kl. 19.00
28. mars Konsert/forestilling - Hipp hopp og Garborg. Kl. 20.00
29. mars Konsert - Baker Hansen: «Chet på norsk». Kl. 20.00
30. mars Konsert - Oscar Danielson(Sverige) Kl. 20.00

- 1. apr** Strikkekveld med Gitte. Kl. 19.00
3. apr Quiz. Kl. 19.00
6. apr Standup kveld med lokale komikere. Kl. 20.00
12. apr Historiekveld. Kl. 19.00
13. apr Konsert - Robert Taylor Band. Kl. 20.00
17. apr Bokkveld - Drømmen som ble virkelig v/Reidun Friestad. Kl. 19.00
18. apr Ølkveld. Kl. 19.00
19. apr Scenen er din. Kl. 20.00
20. apr Foredrag ord og uttrykk ved Harald Berg. Kl. 12.00
20. apr Konsert Påske rock (Kvam, Engen, Osmundsen & Øverland). Kl. 20.00
21. apr Musikkbingo. Kl. 20.00
26. apr Konsert - Songs from the sea. Kl. 20.00
27. apr Ettermiddagskonsert. Kl. 14.00
27. apr Konsert - Tore Strømøy & Reidar Brendeland «Sanger om et liv». Kl. 20.00
30. apr Konsert - Trond Nagell Dahl og Leif Anders Wentzel. Kl. 20.00
1. mai Quiz. Kl. 19.00
3. mai Foredrag - Ingvard Wilhelmssen: «Det er ikke mer synd på deg...». Kl. 19.00
4. mai Konsert - Soulspandet. Kl. 20.00
6. mai Strikkekveld med Gitte. Kl. 19.00
10. mai Konsert - Britt Synnøve og hverdagsfolka. Kl. 20.00
11. mai Konsert- Stina Kjelstad. Kl. 21.00
15. mai Bokkveld - Godt nok v/ Heidi Gausel. Kl. 19.00
16. mai Ølkveld. Kl. 19.00
17. mai Konsert - Sass Jordan m/ band (Canada). Kl. 20.00
18. mai Foredrag - Eva Bratholm & Joar H. Larsen: "50 Shades of Trump". Kl. 12.00
18. mai Konsert - Jarle Obrestad med band. Kl. 20.00
3. jun Strikkekveld med Gitte. Kl. 19.00

- 29. mai-2. juni** Helgåfestivalen «Musikk & humor» med lokale artister.
5. juni Quiz med Quiz-Atle. Kl. 19.00
7.-9. juni OgnaHelgå, seminar for låtskrivere (arr. Jæren viseklubb)

For mer info om konserter/arrangement kan du gå inn på Ogna Scene sine Facebook-sider. Hvert arrangement har egne facebook-event.
Vår hjemmeside www.ognascene.no

Vår faste plass for å kjøpe billetter på nettet: www.linticket.no

Det selges også billetter i døren om arrangement ikke er utsolgt. Du kan også ringe 51438220 el. sende mail til: hans@ognascene.no for mer info el. bestille billetter.

Husk at det går tog hver time til Ogna Togstasjon, så er det kun 12 minutters gåtur fra stasjonen til Helgåleiren.

«Den største gleden en kan ha er å gjøre andre glad»

Velkommen til oss på Ogna Scene!

Med vennlig hilsen
Hans Berge Stokkeland
Daglig leder/booking





Program for Kultur i Løå vår 2019:

- 24/1** Glimt fra okkupasjonen, Alarmstart, foredrag av Odin Leirvåg, med Hå historielag
- 21/2** Ållveltes-konsert
- 21/3** Torvald Thu – mannen og litteraturen, med Kjell Olav Stangeland Oppvarmes med gruppen «Lydlekkasje»
TDA Silo & Saft i 20 år, jubileumskonsert
- 17/5** Kulturkveld med musiker Espen Hana
- 23/6** Jonsokfeiring

Lunsjtreffet kl. 12:00-13:30 i Løå er for alle. Kr. 50,- for måltidet.

Datoer: 23/1, 13/2, 27/2, 13/3, 27/3, 10/4, 24/4 og 8/5.

Programmet oppdateres på plakater, facebook, sms og e-post.

Spørsmål til programmet: 938 13 234

For å få påminnelse på SMS og e-post kan dere melde dere inn i vennelaget (gratis) ved å sende SMS med navn og e-post adresse til: 976 88 571

“Lik” Kultur i Løå på Facebook

Hå historielag våren 2019

24. januar kl.19.00 i Lensmannsløa på Varhaug

Foredrag og bokpresentasjon av Odin Leirvåg frå Militærhistorisk forening Rogaland. Han presenterer den siste boka deira, Alarmstart. Det vert signering og boksal. Enkel servering. Inngang kr. 100,-.

Arr: Vennelaget for Lensmannsløa «Kultur i løå» og Hå historielag.

26. februar kl. 19.00 på Kvasseheim fyr

Årsmøte. Foredrag ved Olav Kleven, om Kvasseheim.

Smørbrød og fløyterull.

Gratis inngang for medlemmar, andre kr.100,-.

26. mars kl.19.00 i Helgåleiren|Ogna scene

Foredrag ved Øystein Hetland om jødedeportasjonane i Rogaland.

Øystein Hetland er stipendiat ved Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter. Han forskar på arrestasjonane av jødar under 2. verdskrigen og politiet si rolle.

Stavangerpolitiet er eit av hovudområda hans. Hetland er opprinneleg jærbu, men bur i Oslo.

Inngang kr. 100,-. Sal av mat og drikke.

Minnesmerke for Ludwig Melzer - dato ikkje fastsett.

Ludwig Melzer var ein av jødane som vart deportert frå Rogaland under 2. verdskrigen og drept i Auschwitz. Han budde på Ogna. For at Melzer og historia hans ikkje skal verta gløymt, vil Hå kommune i samarbeid med Hå historielag og Jødisk museum i Oslo leggja ned eit minnesmerke («snublestein») ved Ogna skule/ Ogna bibliotek. I samband med dette vert det ei offisiell markering og ulike arrangement.

Dato og program vil bli annonsert på våre nettsider og i Jærbladet.

www.hahistorielag.no
hahistorielag@gmail.com
Følg oss på Facebook



INFO OM BIBLIOTEKET PÅ VIGRESTAD

Biblioteket på Vigrestad er stengt. Biblioteket er på flyttefot og skal dele lokale med Hå frivilligsentral/ Vigrestad kulturtorget. Det er usikkert når filialen på Vigrestad opnar igjen. Fram til då ynskjer me Vigrestad-buen velkommen til dei andre avdelingane våre.

BIBLIOTEKET I HÅ

Dalvegen 21, 4365 Nærbø
www.ha.no/bibliotek
Biblioteket på Nærbø
Tlf. 51 79 36 80

Biblioteket på Varhaug
Tlf. 51 79 17 08

Biblioteket på Oгна
Tlf. 48 26 04 33

FØLG OSS PÅ INSTAGRAM OG FACEBOOK!

HÅ KULTURTORGET

Torlandsvegen 14, 4365 Nærbø
Tlf. 51 79 35 30
post.kulturtorget@ha.kommune.no
www.ha.no/kultur-og-fritid/kulturtorget
www.ha.no/kulturskulen

Loen ungdomsklubb (Hå kulturtorget på Nærbø)
<https://www.facebook.com/Loen-Ungdomsklubb>

Lensmannsløa Ungdomsklubb, Varhaug.
<https://m.facebook.com/lensmannsloa/>
Gratis fritidstilbud frå 8. trinn til 18 år.

HÅ GAMLE PRESTEGARD

Håvegen 347, 4365 Nærbø
Tlf. 51 79 16 60
post.hgp@ha.kommune.no
www.hagamleprestegard.no

1.januar- 14. mai:
Tysdag-fredag kl. 11.00-15.00
Laurdag-søndag kl. 12.00-17.00

15. mai – 1. september:
Tysdag-fredag kl. 11.00-17.00
Laurdag-søndag kl. 12.00-17.00

OBRESTAD FYR

leige.obrestadfyр@ha.kommune.no
Utleige og tilstellingar heile året.
(Fyrmuseet er stengt sesongen 2019.)



OBRESTAD FYR
Foto: Elizabeth Croft.

På terskelen til morgonhuset

er eit fleirårig litteraturprosjekt
i Hå kommune med utspring
i det nasjonale Leseåret 2010.



HÅGAML
EPREST
EGARD

HÅGAML
BIBLIO
TEKET
I HÅ



KULTURRÅDET
Arts Council
Norway



Nasjonalbiblioteket



// Framside: Ingrid Torvund, I Found You Under Earth, Under Blood Foto: Jonas Mailand

// Design/trykk: Jærprint